

**Sakshandsamar:**

Egil Henning Ytrøy
E-post: Egil.Henning.Ytroy@sfj.no
Tlf.: 40204384

Vår ref.

Sak nr.: 16/14-166
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 29.01.2018

Lærdal kommune
Postboks 83

6886 LÆRDAL

Svar - søknad om tilleggsøyving til breibandutbygging i Erdal

Vi syner til søknad datert 18.01.2018 der Lærdal kommune ved Lærdal næringsutvikling søker om tilleggsøyving til breibandprosjekt i Erdal, eit delprosjekt under «Breibandløftet 2016».

Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev med dette tilsegn om ei tilleggsøyving på kr. 42 000 til prosjektet. Løyvinga kjem i tillegg til kr. 484 886 som er løyvd frå Nkom og fylkeskommunen til utbygging av breiband til Erdal i samband med «Breibandløftet 2016».

Ny samla tilskotssum til prosjektet (sum løyving frå Nkom og fylkeskommunen, inkludert tilleggsøyving) vert kr 526 886.

Tilleggsøyvinga er løyvd ut frå at prosjektet vart dyrare enn først berekna, som skildra i søknaden.

Utbetaling av tilleggsøyving vert gjort i samband med siste delutbetaling, etter at prosjektet er slutført, sluttrapportert og revidert rekneskap er motteken.

Lærdal kommune har akseptert vilkåra for løyvinga i tildelingsbrevet datert 13.10.2016 i form av signert aksept, motteken hjå Sogn og Fjordane fylkeskommune 11.11.2016.

Løyvinga vert dekkja med restmidlar breiband frå tidlegare år.

Med helsing

Endre Høgalmen
ass. fylkesdirektør for næring og kultur

Egil Henning Ytrøy
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Mottakar (ar)

Lærdal kommune Postboks 83 6886 LÆRDAL

Kopi til:

Adrian Husabø Bjørseth, NKA
Anne Silje Sylvarnes, NKA